



Kveite

Hippoglossus hippoglossus

Raudlista art

faktaark



Kveite er den største flatfisken som finnest langs norskekysten. Den kan treffast langs heile kysten frå vest av Spitsbergen til Oslofjorden. Det internasjonale råd for havforskning (ICES) gjennomfører ikkje bestandsvurderingar av denne arten, men fangstutviklinga i eit historisk perspektiv, særleg sør for Stad, gir grunn til uro.

Status
Kategori Nær trua (NT) på Norsk raudliste 2006

Kjenneteikn


Kveita er ei relativt langstrakt flyndre med svakt bua sidelinje, stor munn der kjeven nesten når bak til bakkanten av auga og ein halefinne som er noko innsvinga på midten. Hofisken har potensial til å bli over 300 cm med ei vekt på over 200 kg, medan hannane neppe har potensial til å blir særleg større enn 200 cm. Augesida er jamnt brun til nesten svart hos vaksne individ, medan ungfisken kan vere meir marmorert med lysare parti. Blindsida er kvit. Ryggfinna, som startar i bakkant av auga, og gattfinna er begge markert høgare på midten, noko som gjer at kveita ser rombeforma ut.

Utbreiing

Ein kan finne kveite på begge sider av Atlanterhavet i tempererte og boreale farvatn, oftast i vatn med temperaturar mellom 2 °C til 10 °C. I nordaust-Atlanteren er den utbreidd frå Biscayabukta og nordover til Barentshavet og områda vest for Spitsbergen. Den vaksne kveita held seg helst på større djupner, frå eit par hundre meter til nærare 2000 meter. I norske farvatn finn ein den helst i djupe fjordar, på djupe delar av kontinentsokkelen og langs eggakanten. Ungfisken held seg helst på grunnare vatn langs kysten. Kveita var tidlegare vanleg langs heile kysten og i Nordsjøen, men er no klart vanlegast nord for Stad.

Biologi

Både område med blaut og hard botn passar kveita. Den ligg ofte delvis nedgraven når den opptrer på sandbotn, men den er ikkje så sterkt knytt til botn som dei fleste andre flyndrene og kan treffast i heile vassøyla. Den beitast for det meste på botnfisk som ulike torskefisk og uer, men har også pelagisk fisk som




Tal på individ fanga per tråltid. Kartet er basert på alle registreringane av kveite i Havforskningsinstituttet sine fiskedata i perioden 1932-2006. Fangstar frå andre reiskap enn trål er vist med blå symbol.

sild og lodde på menyen. Større, virvellause dyr som blekksprut og krepsdyr tek den også.

Det er stor forskjell mellom kjønna når det gjeld veksthastighet, og høene veks raskast. Fram til kjønnsmodning rundt 10-årsalderen har hokveitene ein gjennomsnittleg årleg vekst på litt i overkant av 10 cm, medan hannane modnast eit par år tidlegare ved ei lengde på 70–80 cm. Veksten avtar litt etter første kjønnsmodning. Hannane ser ut til å døy tidlegare enn hoene, og dei har neppe ein maksimalalder på meir enn 30 år. Hoene kan nok potensielt bli godt over 50 år gamle.

Gytinga føregår om vinteren/våren på fleire hundre meters djup i fjordar og djupe delar av kontinentsokkelen. Hoene kan ha opptil 3,5 millionar egg med ein diameter på 3,5–4 millimeter ved gyting. Dei stig oppover mot overflata etter gyting, og er då dei største fiskeegga ein kan treffe på fritt i vassøyla i norske farvatn. Etter ei tid som frittymjande larvar med eit auge på kvar side av hovudet går yngelen gjennom ei forvandling der det venstre auget vandrar over til høgre sida og den får



Øvst: Norske landingar (tonn) av kveite i perioden 1946-1975.

Nedst: Norske landingar av kveite tekne sør- og nord for Stad i perioden 1977-2006.

Merk at skalaen er ulik på dei to figurane.

etter kvart "flyndrefasong". Yngelen søkjer seg ned til havbotn og lever sannsynlegvis dei første par åra på grunne område med hard botn, men svært lite er kjend når det gjeld den tidlege livsfasen til vill kveite.

Bestandsstatus

ICES gjennomfører bestandsanalysar på mange kommersielt utnyttta fiskebestandar i nordaust-Atlanteren, men for kveite manglar ein godt nok datagrunnlag for slike analysar. Ein må difor bruke utviklinga i fiskeria til å seie noko om bestandsutviklinga. Denne tilnærminga føreset at det ikkje har vore endringar i den effektive innsatsen i fisket. Det har det sjølv sagt vore når det gjeld fisket etter kveite, men det er likevel grunn til å tru at variasjonen i innsats etter 2. verdskrigen har vore liten nok til at ein kan bruke trendane i fangststatistikken som mål på utviklinga i bestandsstorleiken til kveite i norske farvatn.

Data på mengda kveite landa har blitt registrert sidan starten

av 1900-talet. Dei årlege fangstane nådde opp til i overkant av 7 000 tonn like før starten av 2. verdskrigen. Etter krigen og fram til byrjinga av 1960-åra heldt fangstane seg stort sett mellom 5 000 og 7 000 tonn, men gjekk så gradvis nedover. I 1990 vart det landa under 200 tonn frå norske farvatn. Landingane i perioden 1991-1998 låg på mindre enn 300 tonn årleg, men har sidan auka opp til nesten 1 200 tonn for 2006. Det er særleg auken i landingar nord for Stad som har ført til denne tilsynelatande betringa i bestandssituasjonen, medan områda sør for Stad først har vist eit lite teikn til betring dei siste tre åra. Den årlege fangsten i dette området i 2006 var på eit høgare nivå enn dei føregåande ti åra, men ligg framleis under nivået ein hadde i byrjinga av 1990-talet.

Helleristingar og funn av beinrestar på buplassar viser at det har blitt drive fangst av kveite langs norskekysten heilt attende til steinalderen. I tidlege tider vart kveite sannsynlegvis fanga ved hjelp av stikkereiskap som spyd og harpun i tillegg til krok. Seinare vart ulike krokereiskap som handsnøre og ulike formar for kveiteliner viktigare, men stikkereiskap var framleis vanleg til eit stykke utpå 1900-talet. Rundt 1935 vart eit svært effektivt garnfiske etter kveite utvikla, og dette gjorde at åra like før og etter 2. verdskrigen vart rekordår. Allereie i 1937 kom dei første reguleringane av fisket i form av fredingstid, minstemål og minste lovlege maskevidde. Reguleringane har stadig blitt endra, men liknar framleis dei ein starta med. I dag blir mesteparten av kveitefangsten teken med garn, men det er uvisst kor mykje som blir landa som resultat av eit målretta fiske samanlikna med kveite teken som bifangst i anna fiske.

Fangstane av kveite i norske farvatn har vore nede i under 5 % av det ein hadde i dei beste åra for kveitefisket. Etter ein auke i fangstane nord for Stad har dette betra seg noko i løpet av det siste tiåret, og dei ligg no på 16 % av det nivået. Tilstanden til kveitebestanden sør for Stad ser meir alvorleg ut, og det er først dei siste par åra ein har sett ein svak betring. Ei god og lovande rekruttering nord for Stad reduserer arten sin framtidige risiko for utdøying i norske farvatn generelt.

Les meir om kveite på Havforskningsinstituttet sine heimesider: http://www.imr.no/aktuelt/nyhetsarkiv/2004/april/nedgang_i_kveitebestanden_i_sornorge

Referanser

Pethon, P. 2005. Aschehougs store fiskebok. Femte reviderte utgave. Aschehoug, Norge.

Lenker

http://www.imr.no/aktuelt/nyhetsarkiv/2004/april/nedgang_i_kveitebestanden_i_sornorge